
Fra: Jan Nesse <Jan.Nesse@felleskjopet.no>
Sendt: 6. desember 2016 17:21
Til: Postmottak Lindås
Kopi: astrdi.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no
Emne: Innspell

Send gjerne denne meldinga til alle gruppeledere i kommunen

Hei.

Såg i lokalavisa at kommunen skulle reise rundt for å få innspel til kommuneplanen. Reiste til Knarvik når Dykk var der og hadde en hyggelig prat og fikk opp fordring om å sende mine tankar inn skriftleg.

Forslag 1:

Lindås kommune må legge til rette for eldre bolig/omsorgsbustad på Seim. Dette har eg sett nødvendigheten av da eg har ei eldre mor som bur åleine og får besøk av heimehjelpene mange gangar daglig. Trur det ville våre ei betre løysing for kommunen og ei triveligare løysing for brukarane. Vis det var ti omsorgsbustader så hadde det vorte mindre kjøring for heimehjelpene og dei hadde kunna besøkt fleire på kortare tid og meir miljøvenleg. Kanskje kunne brukarane besøkt kvar andre og hatt meir selskap og fått den hjelpe dei treng til medisinar og anna nødvendig hjelp.

Det er viktig at denne omsorgsbustaden ligger sentralt i Seim så dei sprekaste kunne gått på butikken der dei kan snakke med andre folk også. Det er store forskjell på kva behov ein kan ha , men har oppdaga at eldre likar å sjå på ungar og dyr og det er muleg her med både butikk og skule og jordbruk i nærheten. NB. Om ein føler seg sprek no så går tida fort.

Forslag 2:

Var og hørte på orientering for ein del år sidan før den nye skulen skulle byggast på Seim. Stilte da spørsmål om vegen opp til skulen ikkje burde forbetrast. Politisk panelet som var frå kommunen svara at det var med i planen og det skulle byggast fortau ved vegen forbi skulen. Dei har sine ord i behald , men eg er ikkje imponert over lengde på fortauet. Vil oppfordra kommunen til å få planlagt lengre fortau snarast. Heilt inn til riksvegen på Vatne og helst lengre den andre vegen også. Fortauet er viktig for dei som går der og dei som kjører der. Håper kommunen greier dette fort.

Vennlig hilsen

Jan Nesse

Salgskonsulent

Felleskjøpet Agri SA

Telefon: +47 951 29 386

Jan.Nesse@felleskjopet.no

Besøk vår website:

<http://www.felleskjopet.no/>